



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Samfunnsutvalet
Møtestad	Formannskapssalen
Dato	04.03.2026
Tid	Kl. 09:00 - 11:10

Følgjande medleamar møtte

Alf Erik Røyrvik

Anders Felde

Kristin Sælen

Marit Elisabeth Larssen

Olav Klungre

Runar Stensaker Kleppe

Frå

V

SP

AP

SP

KRF

H

Forfall/møtte ikkje

Tord Hafnor

Frå

MDG

Følgjande varamedlem møtte

Evangeline Sessford

Frå

MDG

Underskrifter

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
008/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
009/26	Referat og orienteringssaker
010/26	Detaljregulering for Hyen Fisk, gbnr. 17/18, 19 mfl. - slutthandsaming
011/26	Detaljreguleringsplan for Rygg skule - sluttbehandling
012/26	Klage på administrativet avslag på byggeløyve
013/26	Oppgradering av fyllingsfront mot sjø og bygging av badstu - dispensasjon frå reguleringsplan
014/26	Re Energi Kraftverk - uttale til konsesjonssøknad
015/26	Rutine for gjennomføring av kommunale bygge- og anleggsprosjekt

008/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Utvalsleiar si tilråding:

1. Samfunnsutvalet godkjenner møteboka frå siste møte
2. Samfunnsutvalet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet

Samfunnsutvalet 04.03.2026:

Behandling

SAMF- 008/26 Vedtak

1. Samfunnsutvalet godkjenner møteboka frå siste møte
2. Samfunnsutvalet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet

009/26: Referat og orienteringssaker

Samfunnsutvalet 04.03.2026:

Behandling

Varsla orientering om lovverket som regulerer søknadsplikt etter plan- og bygningslova og korleis lovverket praktiserast vart utsett til neste møte
Det vart gjort vedtak i orienteringssak 4 og 5.

SAMF- 009/26 Vedtak

010/26: Detaljregulering for Hyen Fisk, gbnr. 17/18, 19 mfl. - slutthandsaming

Kommunedirektøren si tilråding

Gloppen kommunestyre vedtek detaljregulering for Hyen fisk, gbnr. 17/18, 19 mfl., plan-ID 202203, med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

Samfunnsutvalet 04.03.2026:

Behandling

Saksbehandler deltok under behandling av saka

SAMF- 010/26 Vedtak

Gloppen kommunestyre vedtek detaljregulering for Hyen fisk, gbnr. 17/18, 19 mfl., plan-ID 202203, med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

Samrøystes vedteke

011/26: Detaljreguleringsplan for Rygg skule - sluttbehandling

Kommunedirektøren si tilråding

Gloppen kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova §12-12, detaljreguleringsplan for Gamle Rygg Skule datert desember 2025.

Samfunnsutvalet 04.03.2026:

Behandling

Saksbehandler deltok under behandling av saka

SAMF- 011/26 Vedtak

Gloppen kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova §12-12, detaljreguleringsplan for Gamle Rygg Skule datert desember 2025.

Samrøystes vedteke

012/26: Klage på administrativt avslag på byggeløyve

Kommunedirektøren si tilråding

Samfunnsutvalet i Gloppen stadfestar administrativt avslag på byggesøknad for servicebygg på Breimsvatn camping. Klagen på avslaget blir sendt Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Samfunnsutvalet 04.03.2026:

Behandling

Saksbehandler deltok under behandling av saka

SAMF- 012/26 Vedtak

Samfunnsutvalet i Gloppen stadfestar administrativt avslag på byggesøknad for servicebygg på Breimsvatn camping. Klagen på avslaget blir sendt Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Vedteke samrøystes

013/26: Oppgradering av fyllingsfront mot sjø og bygging av badstu - dispensasjon frå reguleringsplan

Kommunedirektøren si tilråding

Samfunnsutvalet i Gloppen gir med heimel i pbl. §19-2 dispensasjon frå planformål og byggegrense i områdereguleringsplan for Sentrum – Øyrane slik at eksisterande fylling/mur på gbnr. 69/165 kan oppgraderast i samsvar med søknad.

Grunngjeving for dispensasjonen er at kommunen ikkje finn saksutgreiing og vedtak som seier noko om kvifor formålsgrensa er trekt bakom eksisterande fylling, og at dispensasjon vil innebære lite reell endring i arealbruk.

Samfunnsutvalet i Gloppen avslår med heimel i pbl. §19-2 søknad om dispensasjon frå byggegrense i områdereguleringsplan for Sentrum – Øyrane for plassering av badstove på gbnr. 69/165.

Grunngjeving for avslaget er at

- byggegrensa er trekt slik for at bygg på tomta ikkje skal kome vesentleg lenger ut mot sjøen enn på andre eigedomar i området. Dette formålet vil bli sett vesentleg til side ved ein dispensasjon, og pbl. §19-2 gir då ikkje heimel til dispensasjon.
- tomta er stor og det er ikkje vanskeleg å få plass til bygget innafor byggegrensa
- krav til tryggleik mot naturfare (stormflo) vil ikkje bli ivareteke med å plassere badstova på kote 1,4

Samfunnsutvalet 04.03.2026:

Behandling

Saksbehandler deltok under behandling av saka

Runar Kleppe (H) bad om å få vurdert sin habilitet fordi han er eigar av fleire firma som Re-Bygg er eigar i. Egiarskap i andre selskap som ikkje er part i saka medfører ikkje innhabilitet etter forvaltningslova § 6 første ledd. Ingen representantar løftet forslag om at det foreligg særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet jamf. § 6 andre ledd.

Runar Kleppe (H) er ikkje innhabil. Vedteke samrøystes

SAMF- 013/26 Vedtak

Samfunnsutvalet i Gloppen gir med heimel i pbl. §19-2 dispensasjon frå planformål og byggegrense i områdereguleringsplan for Sentrum – Øyrane slik at eksisterande fylling/mur på gbnr. 69/165 kan oppgraderast i samsvar med søknad.

Grunngjeving for dispensasjonen er at kommunen ikkje finn saksutgreiing og vedtak som seier noko om kvifor formålsgrensa er trekt bakom eksisterande fylling, og at dispensasjon vil innebære lite reell endring i arealbruk.

Samfunnsutvalet i Gloppen avslår med heimel i pbl. §19-2 søknad om dispensasjon frå byggegrense i områdereguleringsplan for Sentrum – Øyrane for plassering av badstove på gbnr. 69/165.

Grunngjeving for avslaget er at

- byggegrensa er trekt slik for at bygg på tomta ikkje skal kome vesentleg lenger ut mot sjøen enn på andre eigedomar i området. Dette formålet vil bli sett vesentleg til side ved ein dispensasjon, og pbl. §19-2 gir då ikkje heimel til dispensasjon.
- tomta er stor og det er ikkje vanskeleg å få plass til bygget innafor byggegrensa
- krav til tryggleik mot naturfare (stormflo) vil ikkje bli ivareteke med å plassere badstova på kote 1,4

Vedteke samrøystes

014/26: Re Energi Kraftverk - uttale til konsesjonssøknad

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret i Gloppen støttar planane for utbygging av Re Energi Kraftverk, men meiner framlagde planar for handtering av masseoverskudd ikkje er gode nok. Kommunestyret er positive til at utbygginga får konsesjon, men ber om at det blir knytt vilkår om utarbeiding av detaljerte planar for samfunnsgagnleg bruk av overskotsmassene.

Samfunnsutvalet 04.03.2026:

Behandling

Fellesframlegg, framlegg frå Anders Felde, Senterpartiet

Kommunestyret i Gloppen støttar planane for utbygging av Re Energi Kraftverk, men meiner framlagde planar for handtering av masseoverskudd ikkje er gode nok. Kommunestyret er positive til at utbygginga får konsesjon, men ber om at det blir knytt vilkår om utarbeiding av planar for samfunnsgagnleg bruk av overskotsmassene.

Kommunestyret sender uttale til konsesjon basert på saksutgriinga, med unnatak av dei tre siste setningane i kommunedirektørens vurdering.

Saksbehandler deltok under behandling av saka

Felles framlegg vart sett opp mot kommunedirektørens tilråding.

SAMF- 014/26 Vedtak

Kommunestyret i Gloppen støttar planane for utbygging av Re Energi Kraftverk, men meiner framlagde planar for handtering av masseoverskudd ikkje er gode nok. Kommunestyret er positive til at utbygginga får konsesjon, men ber om at det blir knytt vilkår om utarbeiding av planar for samfunnsgagnleg bruk av overskotsmassene.

Kommunestyret sender uttale til konsesjon basert på saksutgriinga, med unnatak av dei tre siste setningane i kommunedirektørens vurdering.

Vedteke samrøystes

015/26: Rutine for gjennomføring av kommunale bygge- og anleggsprosjekt

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret vedtek instruks for gjennomføring av kommunale bygge- og anleggsprosjekt slik den ligg føre.

Samfunnsutvalet 04.03.2026:

Behandling

SAMF- 015/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek instruks for gjennomføring av kommunale bygge- og anleggsprosjekt slik den ligg føre.

Vedteke samrøystes